

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
127/17	Plan- og kommunalteknisk utval	PS	25.10.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hege Eeg	14/1495

## 6/1 Vevletveit - Klage på vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval 081/17

### Vedlegg:

Vedlegg 1 Klage på vedtak 070817

Vedlegg 2 61 Vevletveit - pålegg om stans og tvangsmulkt sak 095-17

Reguleringsplan - Masseuttak Vevletveit - Representant av tiltakshaver

Referat fra oppstartsmøte - Detaljregulering masseuttak Vevletveit

Referat underveismøte, Vevletveit 30.03.17

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedtaket i Plan- og kommunalteknisk utval 23.08.2017 vert oppretthalde. Klagen vert oversendt til Fylkesmannen til handsaming og avgjerd jf. plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova § 33.

## Plan- og kommunalteknisk utval - 127/17

### PL - behandling:

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, tok opp spørsmål om gildskap for sitt vedkomande som onkel til tiltakshavar og av personlege grunnar, jfr. og utvalet si vurdering i sak 095/17.

Siren Tyssebotn, FRP, bad om vurdering av gildskap for sitt vedkomande som kusine til tiltakshavar og av personlege grunnar, jfr. og utvalet si vurdering i sak 095/17.

Dei tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap - Sigmund Faugstad, FRP og Vibeke Hanstvedt, FRP møtte som vara - 7 medlemmer/varamedlemmer til stades.

### AVRØYSTING - gildskap

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, vart samrøystes kjend ugild, jfr. fvl. § 6, 2. l. .... *Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet, blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. ..., jfr. og kommunelova ? 40, nr. 4..... .*

Siren Tyssebotn, FRP, vart samrøystes kjend ugild, jfr. fvl. § 6, 2. l. .... *Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet, blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. ..., jfr. og kommunelova ? 40, nr. 4..... .*

-----  
Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 14.05 - kl. 14.10 med gruppemøte for FRP og AP.

Det vart det halde ny pause i drøftingane frå kl. 14.10 - kl. 14.20 med gruppemøte for AP, H og KRF.

-----  
Sigmund Faugstad, FRP, gjorde slikt framlegg: "Klagen vert teken til følgje og kommunen må hjelpe til

og få reguleringsplanen godkjend."

### **AVRØYSTING**

#### **Alternativ avrøysting**

Rådmannen sitt framlegg	-	5 røyster (2AP,2H,1KRF)
FRP sitt framlegg	-	2 røyster (2FRP)

#### **PL - vedtak:**

"Vedtaket i Plan- og kommunalteknisk utval 23.08.2017 vert oppretthalde. Klagen vert oversendt til Fylkesmannen til handsaming og avgjerd jf. plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova § 33."

#### **Saksopplysningar:**

##### **Saksopplysningar:**

Vedtak i Plan og kommunalteknisk utval datert 23.08.2017 saksnr. 095/17 blei sendt til klagar 30.08.17. Klagen vart motteke 07.09.17 og er innan klagefristen.

Vedtaket lyder slik:

- a. Det må liggja føre ein gjeldande reguleringsplan for området innan utgangen av 2018.
- b. Det må liggja føre ein søknad om mellombels dispensasjon til verksemda innan 30.06.2018. Dersom fristane ikkje vert overhaldne, pliktar tiltakshavar å betala tvangsmulkt i form av eit eingongsbeløp på kr. 100 000, og deretter ei løpande tvangsmulkt på kr. 1000 pr. døgn inntil det lovlege tilhøvet er retta opp i.

#### Klagens innhald:

1. Klagar meiner pkt. a) er uforholdsmessig og ugyldig. Dette er grunna i at det ligg utanfor klagars råderett. Det er eit vilkår som kanskje ikkje blir oppfylt fordi sakshandsaminga i Osterøy kommune er treg. Klagar viser til at Osterøy kommune har plikt til å handsame reguleringsplanforslaget på ei sakleg og relevant måte innan same frist.
2. I vedtaket pkt. b) er det fastsett eit urimeleg vilkår. Dette er grunna i at klagar ved å godta dette, vedgår at aktiviteten ved steinknuseverket er ulovleg.

Klagars påstand er at vedtaket må opphevast. Klagar ber om oppsettande verknad.

### **Vurdering**

Rådmannen si vurdering av saka er at verksemda er ulovleg. Dette er grunna i at verksemda driv søknadspliktig tiltak utan at det er søkt om løyve. Kommunen pliktar å følgje opp ulovlege tiltak jfr. Plan- og bygningslova § 32-1.

1. Plan- og kommunalteknisk utval vedtok retting av dei ulovlege tilhøva med frist for oppfylling i sak 095/17. Heimel er plan- og bygningslova § 32-3 for både pålegg og fristar. Vedtaket pålegg klagar å ha på plass ein vedteken reguleringsplan for området innan 2018. I denne fristen er det teke høgde for at det tek tid å utarbeide ein reguleringsplan og få den handsama og vedteke. Klagar argumentera med at dette er eit uforholdsmessig krav fordi sakshandsaminga i Osterøy kommune er treg. Klagar visar også til at klagars reguleringsplanforslag må handsamas på ein sakleg og relevant måte innan 2018. Klagar har sendt brev til planavdelingen om sakshandsaminga av reguleringsplanen, sjå vedlegg. Rådmannen er forplikta til å følgje sakshandsamingsreglane for reguleringsplanar, og har prioritert at private planframlegg vert første gong handsama innan fristen på 12 veker. Det er ikkje noko grunnlag for å hevde at sakshandsaminga er treg. Kommunen mottek få private planforslag og alle private planforslag har dei siste åra vorte handsama innanfor 12 vekers fristen for første gangs handsaming. Ei rask sakshandsaming er avhengig av at kvaliteten på planarbeidet frå innsendar si side er god. Dette ligg innanfor klagars råderett og taler mot at kravet til klagar er uforholdsmessig og ugyldig. Eit anna moment i saka er at klagar har starta opp reguleringsplanarbeidet allereie, det er oversendt forslag til planframlegg og det er gjennomført undervegs møte. På bakgrunn av undervegs møte er det gjeve tilbakemelding på kva kommunen vurderer som gjenstår innan planen kan leggast fram for 1. gongs handsaming. Det er altså allereie gjennomført ein stor del av planarbeidet. Oppstartsmøte vart gjennomført 6.4.16 og dato for undervegs møte var 30.3.17, sjå vedlegg. Arbeidet mellom møta med kommunen og kommunen si sakshandsaming knytt til desse er det konsulent og tiltakshavar som styrer. Rådmannen vurderar det slik at eit år og 3 månadar er tilstrekkeleg tid for å kunne få på plass ein reguleringsplan med det arbeidet som står att og at kravet dermed ikkje er uforholdsmessig eller ugyldig.
2. Det ligg i sakens kjerne at klagar ikkje er samd i at det ligg føre ulovleg tiltak. Det er ikkje urimeleg å stille krav til retting gjennom to ulike tiltak med fristar når dette skal gjerast innanfor lova si ramme. Sidan klagar har frist om over eit år med å få vedteke ein gjeldande reguleringsplan, er det naudsynt å ha ei mellombels dispensasjon til tiltaket. Det er sett av nesten eit år til å utforma ein søknad om dispensasjon. Rådmannen vurderer til å vere rikeleg med tid og dermed ikkje urimeleg.

Det er heimel for tvangsmulkt i plan- og bygningslova § 32-5. Det er ikkje spesifikt klagt over satsane for tvangsmulkt, men det vert nemnt at desse er fastsette etter samanlikning med andre tilsvarende saksar i Osterøy kommune.

Klagar ber om at vidare handsaming vert utsett til reguleringsplanarbeidet er gjennomført og handsama. Etter Rådmannen si vurdering er ein ikkje pliktig å gi ei utsetjing og det vil stride mot vedtaket i Plan- og kommunalteknisk utval 23.08.17 saksnr. 095/17.

Subsidiært ber klagar om at vidare handsaming vert utsett til etter klagehandsaminga. Forvaltningslova § 42 gir et skjønn for å avgjere at vedtaket ikkje skal iverksettast før klagen er avgjort. Rådmannen har vurdert at det ikkje er grunnlag for å utsetja då utsetjing ikkje har noko praktisk betydning ettersom fastsett frist er svært romsleg.

## Bakgrunn

Fylkeslandbruksstyret gjorde 01.03.1989 vedtak etter jordlova § 9 om å godkjenne mellombels omdisponering av jordbruksareal på denne eigedomen for drift og plassering av steinknuseverk. Det var i saksopplysningane lagt til grunn at arbeidet ville føregå over eit tidsrom på 8-9 år. Det vart i vedtaket stilt konkrete vilkår om rekkefølge i arbeidet og attendeføring av areala til jordbruksareal.

I tillegg er løyve etter plan- og bygningslova naudsynt. Etter plan- og bygningslova av 1985 § 93, var både bruksendringar og vesentlege terrenginngrep søknadspliktige tiltak. Kommunen har ikkje funne noko som tyder på at verksemda på Vevletveit nokon gong har vore handsama som søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningslova. Det er ikkje lovleg drift når naudsynte løyve frå dei aktuelle avgjerdsmakter ikkje er til stades. Allereie frå 2007 tok kommunen initiativ til å bringe det ulovlege tilhøvet til opphøyr. Osterøy kommune påla tiltakshavar i brev av 20.08.2012 pålegg om stans av drifta i steinknuseverket, utan at dette er etterkome.

Området vart i kommunedelplan for Hauge 2006-2018 vist som område for

*råstoffutvinning/massetak/steinknuseverk. I føresegnene til planen heiter det: «Vidare arbeid og tiltak kan ikkje finna stad før området inngår i reguleringsplan».*

Kommunen har kravd at tiltakshavar set i gang ein prosess med utarbeiding av reguleringsplan. Kravet er ikkje fråfalle, men handsaminga blei innstilt sidan tiltakshavar ikkje leverte inn noko framlegg til reguleringsplan.

Den 20.04.16 fatta Osterøy kommune vedtak retta mot Fotlandsvåg Maskinentreprenør AS / Roger Hartveit om augnebliekeleg stans av all drift i samband med masseuttak/steinknuseverk på eigedomen gnr. 6 bnr.1 i Osterøy kommune. Vedtaket vart klaga på og blei oppheva av Fylkesmannen. Kommunen har no gjennomført ei ny og grundig handsaming av saka. Kommunen sendte ut eit førehandsvarsel til tiltakshavar om at kommunen vurderte å fatte vedtak om stans og

tvangsmulkt 9.1.17. Tiltakshavar har uttalt seg om førehandsvarselet før politisk handsaming i møte av 23.08.17.

### **Konklusjon**

Rådmannens vurdering er at det ikkje er grunnlag for å godta klagen.